



Harald Dag Jølle  
skriv om turar,  
utstyr og  
turbøker for  
Dag og Tid.

# FRILUFTSLIV

## Veggen

Det eg hugsar best frå nordveggen på Stetind, er kjensla før me starta.

### TUREN

Tysfjord. Det er lenge sidan no, men eg hugsar kjensla godt. Kjensla av å stå under veggen tidleg ein morgon i mars. Det var kaldt og surt og han såg usannsynleg bratt ut. Og høg. Ikkje rart, eigentleg, for veggen er både bratt og høg. Og mørk, der han ligg nordvendt og majestetisk. Og ingen hadde nokon gong vore oppe i han vinterstid. Eg hadde ikkje klart å seie nei då eg vart spurt om å vere med. Og no stod eg altså her, saman med tre kameratar og visste at me skulle vera knytt i same tau dei neste dagane.

Eg kunne ha skrive mykje om denne turen. Om taulengd etter taulengd, 37 i talet. Nokre lette og raske. Andre vanskelege og tidkrevjande. Eg kunne ha skrive om kor skremt eg var då eg leidde eit teknisk vanskeleg parti. Om dag og natt med 20 minus-

grader – utan at så mykje som ein solstråle nådde oss i den nordvende veggen. Kor usannsynleg luftig det er når du nærmar deg toppen og heng over «De evige jaktmarker», for å bruke namnet Arne Næss gav dette stupet. Eg kunne ha skrive om kameratskapen og at me delte sovepose for å spare vekt. Om utsikta til Lofoten og fargane på himmelen. Og ikkje minst om jubelen på toppen av fjellet etter fire dagar og gleda over å ha klatra ei av Noregs lengste klatreruter. Men eg har skrive om alt dette før, for femten år sidan.


Det var denne kjensla eg ville skrive om no. Kjensla av å skulle i gang med noko som eg eigentleg ikkje ville. Eller rettare: som eg både ville og ikkje ville. Utfordringar som samstundes er skremmande. Eg har aldri kjent denne spenninga så kraftig som denne kalde morgonen i mars, der me stod og visste at me ville vere langt heimanfrå om noko gale skulle skje i ein så stor vegg. Likevel. Likevel lukkar me bildøra og begynner å gå mot veggen.

Eg skal ikkje forsøke å forklare kvifor eg utset meg for dette ubehaget, eller kva det er med eit bratt fjell som gjer at eg er villig til å la denne kjensla slite i meg. Eller er det kanskje nettopp litt av årsaka til at fjellklatring er så fengslende? At meistringsgleda blir ekstra stor når du står på toppen etter fyrst å ha trassa den delen av deg som ikkje ville inn i veggen? Eg veit ikkje. Men eg veit at når du knyter deg inn i tauet og slår første slag med isøksa, då er kjensla borte.

### SITATET

«Giganten – majesteteten – helveteshorn – avmæktig søker ordene å reise en form i vort sind, å gjenskape det som hændte med oss i det første møtes voldsomme chok.»

Peter Wessel Zapffe  
om sitt møte med  
Stetind



Stupa i Stetinds skuggefulle nordvegg går heilt ned i fjøra, og klatringa endar 1392 meter høgare oppe. Foto: NTB scanpix



Trollveggen, til høgre i biletet, er Europas høgaste loddrette stup. Det er 1700 meter frå botn av dalen til toppen av veggen. 1000 av dei er loddrette. Foto: Stein P. Aasheim

## Trollveggen

### REKORDEN

1965 vart eit tidsskifte for klatring i Noreg. I byrjinga av juli kom Leif-Normann Petterson, Jon Teigland, Ole Daniel Enersen og Odd Eliassen til Romsdalen. Med i sekken hadde dei 800 meter tau, 200 boltar og 200 borebolar. Samstundes kom ei engelsk gruppe til landet. Dei hadde teke tre månaders ferie. Kampen om Trollveggen var i gang. Og det tok ikkje lang tid

før pressa var på plass under den enorme veggen. «Norsk-engelsk kappløp om Trollveggen i år» slo Aftenposten opp på førstesida med store typar. Dei to laga følgde kvar si rute, og etter 15 dagar, om kvelden fredag 23. juli, kunne Dagsrevyens helikopterfrakta reporter ta imot dei norske karane på toppen av veggen. Då hadde britane framleis om lag 150 meter igjen til toppen.